



Hlm Arkitektur AS
C. Sundts gate 1
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/958 - 19/21465

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.07.2019


Løyve til etablering av vass- og avløpsanlegg - gbnr 137/23 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 404/19

Tiltakshavar: Lindås kommune - eigedomsavdelinga
Ansvarleg søkjar: Hlm Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Saka gjeld søknad om løyve til nyetablering/oppgradering av av del av kommunalt vass- og avlaupsanlegg på Nedre Alver. Tiltaket omfattar også etablering av kloakkpumpestasjon, borehol for overvatn, tilkomstveg til kloakkpumpestasjonen og omkopling av avløpsleidingane frå eigedomane gbnr 137/208, 137/213 og 137/286. Arbeidet er knytt til oppføring av ny Alversund skule og fleirbrukshall.

Skisse over område søknaden gjeld:



Det vert elles vist til søknad mottatt 20.03.2019, revidert søknad mottatt 02.07.2019 og korrigert riggplan mottatt 03.07.2019.

Sakshandsamingsfrist


Søknaden var komplett og klar for handsaming den 02.07.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus


Tiltaket ligg i hovudsak innanfor uregulert område som i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund, planid 1263-07032007, er avsett til byggjeområde for bustadar. Ein mindre del av tiltaket ligg innanfor områdereguleringsplanen for Alversund, planid 1263-200902, der arealet er avsett t til køyrevæg SVT, fortau SF2 og grøntareal G2.

Det vert lagt til grunn at del av tiltaket som er plassert utanfor byggjegransa mot sjø er av ein art og omfang at tiltaket ikkje vil krevja at vert søkt om dispensasjon. Det vert vidare lagt til grunn at arbeidet i sjø berre omfattar utskifting av eksisterande utsleppsleidning og ikkje etablering av nye tiltak.

Utsnitt frå kommunedelplanen



Utsnitt frå områdereguleringsplanen



Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med gjeldande plan og krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn slik uttale frå anna styresmakt.

Det er vurdert at tiltaket er i samsvar med godkjend VA-rammeplan, jf. vedtak datert 18.05.2019, i sak 18/1544. Det er vidare lagt til grunn at utsleppsleidning i sjø skal skiftast ut og ikkje endrast, og at nytt løyve etter Lov om havner og farvann til plassering av leidning i sjø, ikkje er nødvendig.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det er opplyst at det ikkje ligg føre merknader frå nabo.

Privatrettslege forhold

Det er inngått grunneigaravtale med gbnr 137/23, 137/208 og 214, 137/136 og 142, 137/143, 137/268 og 137/320.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i oversiktsplan VA-leidningar med teikning nummer 00-Z700-10-111 datert 23.05.2019. Ny tilkomstveg til kloakkpumpestasjon går fram av teikning nummer D901.

Terrenghandsaming

Plassering i forhold til terreng går fram av plan og lengdeprofil.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Kommunen finn å kunne godkjenna omsøkt tiltak med unntak av etablering av tilkomstveg til kloakkpumpestasjon slik det går fram av teikningsnummer D901. Vi kan ikkje sjå at nødvendige private rettar til å plassera vegen på privat grunn er sikra. Det framstår også som uklart om etablering av tilkomstvegen til pumpehuset er nabovarsla. Vi legg til grunn at øvrige privatrettsleg forhold er tilstrekkeleg sikra for gjennomføring av tiltaket.

Det vert sett vilkår om at område G2, grønstruktur, vert reetablert i tråd med føresegn 8.1 i områdereguleringsplanen for Alversund etter gjennomført tiltak.

Etablering av tilkomstvegen kan takast inn i søknaden på eit seinare tidspunkt ved innsending av endringssøknad når tilstrekkeleg dokumentasjon ligg føre.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av oversiktsplan VA-leidningar med teikningsnummer 00-Z700-10-111 datert 23.05.2019.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner denne.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3, vert det gjeve løyve i eitt- trinn for etablering av vass-og avløpsanlegg i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i oversiktsplan VA-leidningar med teikningsnummer 00-Z700-10-111 datert 23.05.2019, jf. i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Godkjenninga omfattar ikkje tilkomstveg til kloakkpumpestasjon slik det går fram av teikning nummer D901.
3. Tiltaket skal etablerast i samsvar med godkjend VA-rammeplan, jf. vedtak datert 18.05.2019, i sak 18/154, med tilhøyrande teknisk teikningar.
4. Tiltaksklasse vert godkjend slik det er søkt om.
5. Område G2, grønstruktur, skal reetablerast i tråd med føresegn 8.1 i områdereguleringsplanen for Alversund etter gjennomført tiltak.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/958

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune -
eigedomsavdelinga

Felles postmottak 5914
Kvernhusmyrane
20

ISDALSTØ

Mottakarar:

Hlm Arkitektur AS

C. Sundts gate 1 5004

BERGEN